



EI TID FOR NYE TANKAR

Tekst: Karianne Sørgård Olsen

Professor Dag Jørund Lønning vil ha politikarar som er meir opptatt av vågalheit og nytinking enn samanslåing og framsnakking.

I FØRRE VEKE kom lokalpolitikarane i regionen med sine synspunkt hjå tilflyttingsspørsmålet. I dette nummeret følger vi på med professor Dag Jørund Lønning sine tankar rundt temaet. Lønning er rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling.

Han har blant anna forska på bygde- og næringsutvikling i Hamarøy, samt vore sentral i utviklinga av ein filial for Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling i Steigen.

Lønning har soleies kunnskap om bygdeutvikling generelt, og Nord-Salten spesielt, og understrekar at tilflyttingsspørsmåla krev meir enn kjappe løysningar.

- No finst det nok ingen *quick fix*. Me lever framleis i ei tid der fleire flyttar frå bygda til byen enn omvendt. Når det er sagt, så steg mobiliteten. Og mange flyttar også til bygda i dag. For ikkje å snakka om alle dei interne

flyttingane; dei som flyttar innan same kommune, eller innanfor same region. Desse siste vil gjerne ha nærleik til offentlege tilbod, lokal sentralitet og så vidare.

Nullsumspel og x-faktor. Professoren peikar samtidig på at lokal

flytting eit nullsumspel. Ofte er det slik at den eine grenda vinn, og den andre taper.

Uansett: Regionen treng tilflyttarar utanfrå, og då meiner Lønning at ein x-faktor spelar inn, ein x-faktor som handlar om å tilby noko anna enn det byen og den regionale tettstaden tilbyr.

- Det er ganske interessant at «småbruk» held stand, år etter år, som det mest brukte søke-



Dag Jørund Lønning har blant anna forska på bygde- og næringsutvikling i Hamarøy. Her på Finnøyseminaret for nokre år sidan.

ordet på finn.no. Det seier noko om oss menneske i dag. Som alle andre tre, veks heller ikkje urbaniseringstreet inn i himmelen. Det er fleire og fleire menneske som ønskjer ein annan måte å leva på. Og talet lyt auka.

Me må kunna tilby det bygda kan best: Ikkje t r o n g e bustadfelt, men plass og rom, saman med vilje og evne til å sjå kvarandre, meiner han.

Lønning trekk fram at svært mange menneske søkjer etter rom for å utvikla seg

sjølve og egne interesser, samtidig som dei ønskjer å bli sett og møtt som den dei er, og visar til Leines og Steigen.

- Her har jo også Nord-Salten ei eiga *Tilflyttingsbygd* som har gått føre med eit godt eksempel.

Store skilnader mellom kommunar. Men så var det desse arbeidsplassane da. For folk kan ikkje leve av å bo roms-

leg og å bli kvardagssett aleine. Kva trur bygdeprofessoren er vegen å gå?

Jo, han meiner at å snu på spørsmålet er ei byrjing:

- Kva kjem eigentleg først, folk eller jobb? I småsamfunn er eg ikkje i tvil om svaret; det er folk. «Me treng arbeidsplassar», seier me gjerne. Og det er sant, men det som må koma først er folka som kan skapa dei.

Lønning meiner den beste næringsutviklingsstrategien er å tiltrekka seg menneske med dei nye måtane å sjå verda på, og framheld at desse kan finnast både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Han tenkjer at det viktige er at det er openheit som gjeld.

- Å leggja til rette for tilflytting, handlar difor også om næringsutvikling. Samtidig må ein støtta opp om gode lokale initiativ. Friske idear skal løftast fram. Det offentlege skal vera med på dette løftet, ikkje trenera det. Det er ofte store skilnader mellom kommunar i forhold til kor flink ein er til å hjelpa fram dei gode initiativa. Utviklingsarbeid må ikkje nedprioriterast. Døra til næringskontoret skal vera open, og det skal vera folk der, understrekar han.

Plass har me nok av! Neste kjernesporsmål er bustad. Korleis kan det vera smart å tenkje strategisk rundt dette for små utkantkommunar?

- Den kommunen som tør å tenkja annleis, vil tena på det. Intern sentralisering kan vera ei like stor utfordring som det overordna flyttemønsteret. Det er ei myte at alle menneske i dag vil bu i bustadfelt. Igjen, dersom ein skal vera attraktiv for den som kjem utanfrå, må ein kunna tilby noko ein ikkje finn alle stader, seier Dag Jørund Lønning.

Han oppmuntrar vidare til eit opent blick:

- Ser ein at dei tomme småbruka ikkje finst, eller at dei som eig ikkje vil selja, ja så legg til rette for nye. Om ikkje småbruk, så i alle fall bustadområde med rikeleg plass. Plass har me nok av i bygdene. Det, og menneske som bur der, er vår viktigaste ressurs. Bruk den! Utnytt heile bygda, ikkje berre tenk sentrumsnært.

Oppskrytt framsnakking. Neste spørsmål blir so om politikarane i stor nok grad ser sitt ansvar i slike saker? Eller er det lett slik at tilflyttingsspørsmål blir fortrent av meir presserande saker? Lønning etterlys litt dristigheit.

- Vågale lokalpolitikarar er diverre sjeldne. Og skulle ein ha litt modige tankar for ein er valt inn, blir ein fort «temd». Det er synd. Er det ei tid me treng HEILT ny tankar, er det no. Svaret på alle spørsmål er faktisk ikkje «samanslåing». Me må slutta å la oss dupera av keisaren sine nye klede, og heller begynna å jobba!

Såkalla «framsnakking» inngår ikkje i det Lønning definerer som «jobb». Han meiner småkommunar brukar for mykje pengar på tiltak som gjev lite att:

- Såkalla «profilering», og «framsnakking», som er så på moten, er oppskrytt. Her blir det brukt veldig mykje pengar fänytt. Det er som å lokka med «fin natur». Me gjer det alle. Dei kreative og modige tiltaka vil selja seg sjølv, framheld han.

Heldigvis har bygdeforskaren tru på Nord-Salten i så måte. Han peiker på at det rundt om i regionen finnst svært mange kreative menneske. Oppmodinga til Dag Jørund Lønning er klar:

- Bruk dei! Sats på den lokale vekstkrafta dei representerer. Utan levande småbygder mistar regionen attraktiviteten for den som kjem utanfrå.